



**Notat**

Dato: 12.09.2016  
Arkivsak: 2014/488-12  
Saksbehandlar: monsera

---

Til: Tina Sinclair

Frå: Monika Cecylia Serafinska, Inger Lena Gåsemyr

---

## **Kulturminnefagleg fråsegn til offentleg ettersyn og høyring av områdeplan for Kleppestø sentrum - Plan 213 - Askøy kommune**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Det er kjent to tidlegare automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Ein hellar med Askeladden id. 91782 vart undersøkt og fjerna i samband med utbygging av ferjekaien på Kleppestø. Lokaliteten var feil kartfesta i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase «Askeladden», men nå er plasseringen av denne justert i tråd med dokument i våre arkiv og gamle flyfoto. Sør for Grønskjeret ligg ein automatisk freda marin lokalitet som no er fjerna (Askeladden id. 89114).

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. I samband med oppstart av planarbeid med områdeplanen for Kleppestø sentrum stilte Sjøfartsmuseet krav om marinarkeologisk registrering når planen vert lagt ut til høyring. I e-post datert 18.07.2016 skriv Bergens Sjøfartsmuseum at etter ei ny vurdering finn dei det ikkje naudsynt med registreringa. Dei mest interessante sjøområda innanfor planområdet er allereie undersøkt. Store delar av planområdet i sjø er særskilt djupt, og Sjøfartsmuseet vurderer desse områda til å ha låg potensial for funn av maritime kulturminne. Museet trekk difor krav om marinarkeologisk undersøking og har ikkje fleire merknader til planarbeidet.

Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemnda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigje området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegndene i kulturminnelova.

I høve nyare tids kulturminne viser vi til våre innspel til oppstart av planarbeid datert 4.juni 2012 der vi gjorde merksam på å sikre Rådhushuset som kulturminne, då det har særskilt gode arkitektoniske kvalitetar og er eit viktig kulturminne av lokal og regional kulturminneinteresse. Vi rår difor til at Rådhushuset i tillegg til å bli regulert som offentleg føremål (o\_T1) får omsynssone kulturmiljø H570 med føresegn:

*Rådhuset på Askøy er tidstypisk og har gode kvalitetar både i materialar og detaljering.  
Bygningen sine hovudtrekk i eksteriør og interiør skal ivaretakast i ein slik utstrekning at anlegget bevarer sin integritet som kulturminne.*

Det er positivt at området rundt Kleppestøsundet vert sikra med omsynssone kulturmiljø H\_570 med føresegner. Det er òg positivt at den arkitektoniske sirkelformen på ferjeterminalbygget (S 19) vert vidareført som historieforteljande og identitetskapsande landemerke. Vi rår elles til at ein søker å nytte fysiske restar etter det gamle ferjeleiet som ressurs i det vidare planarbeidet. Vi minner elles om at heile kommunen sin kulturarv i lag med andre identitetskapsande element som grønstruktur, materialval og menneskeleg skala må nyttast i arbeidet med å gjere Kleppestø til ein attraktiv og inkluderande tettstad.